

Bygdabladet

for BOKN



Den 17. juni vil eksosskya ligga tett på Knarholmen. Les meir s. 8



Boknabåten blir klar til kaprovinga 17. mai.
Les meir s. 3



Fra september 2005 og ut året auka Coop
Bokn omsetninga med 26%.
Les meir s. 4



Travhesten Ognøy Sjefen viser stadig att i
viktige løp. Les meir s. 13



RDFØRAREN RDET

Næringsliv

Som de ser av reportasje i Bygdabladet er der nå interesse for tomt i Knarholmen, noko som er svært gledeleg. Det er mitt håp at me nå klarer å nå i mål med desse interessentane slik at dei får etablert verksemda si og skape arbeidsplassar og utvikling på Bokn.

Utbygginga til Bokn Plast og andre næringsdrivande er og svært positivt. Saman med kommunen og Aetat sitt arbeid gjer dette at arbeidsløysa på Bokn går ned og er på ca 4%. Det er likevel langt over snitt i Rogaland, på ca 2%. Det er gledeleg at fleire får arbeid og det gir inspirasjon til å fortsette arbeidet slik at alle kan få arbeid.

Eigarforhold-oversikt

Kommunen har sett i gong eit omfattande arbeid med å skaffe oversikt over eigarforhold til fleire områder på Bokn som har uavklarte eigarforhold, t.d. allmenningar.

Når nødvendig dokumentasjon er innhenta frå alle berørte parter vil ein sjå om ein får ei avklaring på minneleg vis. Klarer ein ikkje å oppnå avklaring vil sakene bli førelagt jordskifteretten for endeleg avklaring. Formannskapet vil så avgjere kva som skal skje med kvar enkelt eigedom som blir i kommunal eige. Dette er tidkrevjande og vanskeleg arbeid så eg ber om forståing for at det kan ta tid, men eg trur det er i alle si interesse å få ei endeleg avklaring på desse forholda.

Kommunestrukturen

I kommunesamanslåingsprosessen er det nå eit viktig arbeid som må gjerast for at me som innbyggjarar skal få mest mulig informasjon om kva dette inneber for oss.

Kommunen er i ferd med å trykka opp kortversjonen

av konsekvensutredninga, som vil bli sendt ut til alle husstandane på Bokn. Både den omfattande- og kortversjonen er tilgjengeleg på kommunen og bygdabladet sine internetsider. Det vil også bli laga ein brosjyre som blir tilgjengeleg fram til folkerøystinga.

Kommunen planlegg to folkemøter med folk utanfrå, kor det første blir onsdag 7/6. Sett av dato. Det andre møtet blir etter ferien. Kommunen planlegg også eigne møter for å få engasjert ungdommen og vil komme nærmare tilbake til tid og stad.

Det er vårt mål med møta at det skal bli møter kor me som innbyggjarar ikkje berre skal høyra kva andre meiner om samanslåing, men at me alle blir engasjert og deltar i ein diskusjon, gjerne i mindre grupper, om kva som er fordeler og ulemper med ei kommunesamanslåing. Eg trur då at ein vil få fram og få ei betre forståing om kva som er best for Bokn i framtida. Då vil me kvar enkelt få eit best mulig grunnlag for kva ein vil stemma den 18/9.

Eg vil igjen oppfordra til ein sakeleg og god debatt, utan at det personlege blir dratt inn.

17. mai

Nå står feiringa av Norge sin nasjonaldag, 17. mai for tur, og eg oppfordrar alle til å delta i ei tradisjonell feiring av dagen. Med to nye færinger håper eg det blir ein renessanse for kaproing-tradisjonen som i år vil føregå i Alvestadkroken. Deretter blir det tog til kyrkja, gudsteneste, tog til Boknatun og skulen, med tradisjonell feiring der.

Om kvelden blir der folkefest med underhaldning og tale for dagen.

Velkommen.

Svein Ove

Arbeidsløysa i Bokn nesten halvert på 4 månader

Reidar Alvestad

Bokn kommune har hatt den lite flatterande rekorden i fylket med å liggja på topp i antall heilt arbeidslause personar over ei tid.

Starta med konkursen i fiskemottaket

Bokn har tidlegare lege relativt midt i leia når det gjeld arbeidsløyse i fylket. Den store endringa kom våren 2004 då alle 21 tilsette ved Bokn fiskemottak miste jobbane sine som fylgje av konkurs ved bedrifta. 9 av desse var fra Bokn, og utgjer ca. 2,5% av arbeids-

styrken i kommunen. Året etter var det i august ytterlegare 3 som mista jobbane ved nedlegginga av butikken i Alvestadkroken.

Sjølv om mange av desse har fått seg arbeid, er det ei stor endring i å ha hatt kort veg til jobben til å måtte pendla dagleg.

Krav frå aetat

I januar 2006 starta ein opp eit samarbeid mellom kommunen, trygdeetat og aetat for å finna tiltak som kunne gjerast for å hjelpe fleire her frå kommunen i arbeid og aktivitet. Aetat sa då at dei kanskje hadde vore for lite strenge i forhold til å kreva at arbeids-sökjarar frå Bokn måtte finna seg i å pendla meir for å finna seg arbeid. Daglege arbeidsreiser til nabokommunane måtte folk frå Bokn så vel

som folk frå nabokommunane finna seg i.

Arbeidsløysa går ned

Kontakten og samarbeidet mellom dei ovannemnde instansane har halde fram, og pågår framleis. Arbeidsløysa er pr. 30. april kome ned i 3,6%. Ved nyttår var det 6%. Tal heilt arbeidslause har altså gått ned frå 22 i januar til 13 i slutten av april. Det vil seia med 9 av 22.

Ved gjennomgang av listene ser me at det er godt håp om ytterlegare nedgang. Men det er slik at arbeidsløysa for rogalandskommunane generelt sett også har gått ned i denne perioden. Me må likevel her i Bokn ha som mål å koma ned mot gjennomsnittet for kommunane i fylket som nå er 2%.

Boknabåten

Johannes Nilssen og Arild Ognøy

Vil med denne artikkelen prøve å gi lesarane litt informasjon om Boknabåten, og korleis dette prosjektet kom i gong.

Først av alt så vil me takka for lånet av færinger som har vore nytta til kaproinga i alle år.

Det har stort sett vore Augustin Thuestad, Målfrid Trosnavåg og Berge Lygre sine båtar som har vorte nytta i seinare tid.

I fjor blei det brukt plastjollar, men då var allerede prosjektet med å få bygga to nye robåtar, av type Boknabåt lansert og starta.

Kopier

Forhistoria var den at årsmøtet til Bokn Båtforening vedtok samrøystes at man skulle få undersøkt kostnader og muligheter for å skaffe to nye robåtar til kaproing. Desse undersøkingane blei gjort, og fleire alternativ kom på banen. Sidan det i nokre år har vore eit ønske å få kopiert museumet sin over 100 år gamle boknabåt, ville me sjå om det kunne la seg gjere. Dette var ikkje billigaste alternativ, men båtforeningen syntest, etter noko diskusjon, at ein så lik kopi som muleg var det me ville byggja.

Ryfylke Trebåtbyggjeri blei kontakta og den røynde trebåtbyggjar Jørn Flesjå fra Judaberg på Finnøy fikk i oppgave å byggja båtane.

Det viste seg jo snart at dette ville koste noen kroner, og nå når prosjektet nærmar seg slutten har det vist seg at finansieringa skulle bli noko av det triveligaste med heile prosjektet.

Pengane til dette har nærmast strøymd inn til formålet.

Slik såg den eine båten ut i påskan i år.

Foto: Jørn Flesjå



Forutan kronerullinga har desse bidratt:

- Bokn kommune, ekstra kulturmiddler 2005 kr. 10.000,-
- Bokn Bufellesskap kr. 5.000,-
- Bokn Fiskarlag kr. 7.000,-
- Bokn Sanitetsforening kr. 5.000,-
- SR-Bank Bokn kr. 5.000,-
- Overlevingsdraktar fra ESS Offshore kr. 6.430,-
- Bokn Plast Presenningstak til båtpllassen.

- Bokn bygdemuseum og Eivind Øvrebø for utlån av museets orginale boknabåt.

Kronerullinga og bidraga som kom inn var nok til å finansiere den eine båten.

For å kappro må det nødvendigvis vera to båtar, og den andre båten til formålet har Svein Ove Alvestad kjøpt privat.

Denne vil ein og kunna nytta når kaproinga går av stabelen på nasjonalldagen.

Dermed har ein to likeins båtar, som jo er ein fordel når ein skal kappro.

Båten som skal vere til bruk for allmenheten, vil bli liggende i Båtforeningens anlegg i Knarholmen.

Det vil bli laga enkle utlånsreglar for bruk av båten. Båtforeningens ønske er at denne båten blir flittig nytta av alle som ønsker seg ein rotur mellom holmar og skjær. Vedlikehald og ettersyn skal Båtforeningen ha, og han vil bli liggende på sjøen i sommerhalvåret.

Færingen vil ha innendørs lagring om vinteren.

Båtbyggarhistorie

Dette er eit prosjekt som m.a. skal gje oss et tilbakeblikk på tidlegare tider og noko av Bokns båtbyggarhistorie.

I kulturminnestafetten august 1997 var Boknabåten eitt av seks nominerte kulturminne frå Bokn. Birger Lindanger skreiv då dette:

Denne båten på kring 18 fot er bygd i Gongstø under Øvrabø på Austre Bokn av den kjende båtbyggaren Johannes Øvrabø og sonene hans i 1890-åra. Boknabåtane var særslig lettrotte og blei eit omgrep langs heile sørvestlandskysten. Dei blei i hovudsak laga i siste helvta av 1800-talet.



Originalen: Fv. Eivind Øvrebø, Johannes Nilssen, Jardar Havikbotn og dåverande ordførar Sigrunn H. Hosaas kjem til Bukkøy 20. august 1997 for å delta i Kulturminnestafetten.

Kronerullinga på 17. mai 2005 gav enorm respons, og enda med over 8.000 kr på nokre få timer. Tusen takk til alle som bidrog.

Då det etter dette ble kjent at me samla inn pengar til eit prosjekt som både kunne gi folk trim, kultur, historie og fine naturopplevelingar, kom lag og organisasjoner fort på banen. Båtforeningen vil med dette nytta sjansen til å takke bidragssytarane for hjelpa.

Foto: Egil Ognøy

Coop Bokn med 26% auke i omsetning

Reidar Alvestad

"Den enes død - den andres brød" heiter det i ordtaket. Frå september 2005 og ut året auka Coop Bokn omsetninga med 26%. Perioden tilsvarar den tida av 2005 som Alvestad Handel var nedlagt.

Forventa noko auke

Styrar Annbjørn Sunde ved Coop Bokn seier til Bygdabladet at dei ser positivt på at boknarane stort sett har lagt daglegvarehandelen til daglegvarebutikken i Bokn, og at det ikkje ser ut som at handelslekkasjen har auka som fylgje av nedlegginga av butikken i Alvestadkroken. Omsetningsauken på 26% dei siste 4 mnd. av 2005 er nettotal.



Det kan bli meir konkurranse for Coop Bokn i framtida.

Det første kvartalet av 2006 hadde Coop Bokn ein brutto omsetningsauke på 23%, og det blir interessant å fylgja utviklinga framover. Det ein her kan merka seg, er at i det første kvartalet i 2005 var påskehelga medrekna, men i år kom påsken etterpå, i april. Så påskeomsetninga er i år ikkje med i omsetningsauken. Sjølve påskeafta var det enorme køar dei tre første timane av åpningstida, og ei brutto omsetning på kr. 90.000,- gjennom kassane dei fire timane det var handel.

Bemanninga på Handelslaget er også auka litt i forhold til då det var to butikkar i nærmiljøet, men ikkje tilsvarende den auka omsetninga. Dette fordi at auka salgsvolume ikkje nødvendigvis krev så mykje meir bemanning. Når det gjeld dette vil dei sjå tida litt an framover.

Nye utfordringar

Det er heile tida nye utfordringar når det gjeld butikkdrift. Det skal vera på tale å setja opp eit bygg på Kvinesland ved Sjonar med m.a. ein større konkurrerande daglegvarebutikk. Denne vil særleg kunna konkurrera ved at det blir lettvert for dagpendlarar og andre som reiser nordover å stikka innom for handel.

Annbjørn Sunde seier at Coop Bokn må rusta seg til å møta denne konkurransen. Det kan vera med meir og betre tilbodsaktivitet, ev. lengre opningstider og breiare vareutval. Dette med lengre opningstider i har ein prøvd med å utvida til kl. 6 på tysdagar, utan at det har vore særleg nyttal blant kundane.

Det viser seg at mange dagpendlarane i dag kjører forbi Aksdalsenteret, og ein har kanskje ikkje inntrykk av at så veldig mange stoppar der for å handla daglegvarer. Den største daglegvarelekkasjen foregår nok på Raglamyr og større kjøpesenter nærare Haugesund. Difor er det vanskeleg å seia

om ein ny butikk på Kvinesland vil få så stor betydning.

Ein ting som Annbjørn Sunde nemner som kan styrka Coop Bokn er å vurdera å gå inn i den store kjeden Coop Haugaland for å kunna nyta godt av dei fordelene dette kan gi. Dei vil i så tilfelle kunna stå hardare på i priskonkurranse over lengre tid. I tilfelle er det eit årsmøte som må avgjera om dei skal gå inn i kjeden.

Coop Bokn har god økonomi, med ein eigenkapital på 39%. Omsetningen i 2005 var på 11,1 mill. kroner. I budsjettet for 2006 er det lagt opp til ei omsetning på 13 mill. kroner.

Lojale kundar

Annbjørn Sunde seier at det er lojale kundar innan daglegvarehandelen i Bokn. Ut frå folketalet her skulle dei kunna ha ei omsetning på rundt 13,5 mill. kroner. Ein veit at det likevel er handelslekkasje, og det som veg opp for dette, er nok dei mange hytteturistane, og ein del andre, t.d. frå Tysvær som handlar her. Annbjørn Sunde seier at dei har mykje hyttefolk innom som er med på å halda omsetninga oppe, slik at det er med på å styrka arbeidsplassane i butikken, og mangfaldet i varetilbodet.

Norsk Tipping og Posten

Dette at butikken har agentur for Norsk Tipping og Post i Butikk, er med på å gjera butikken attraktiv. Posten har dei ikkje stor forteneste på isolert sett, men det er med på å gi kundane eit betre totaltilbod.

Når det gjeld Norsk Tipping, er dei oppe i omkring tilsvarande omsetning som den dei hadde ved Alvestad Handel.

Parkeringsplassar

I og med at Bokn Plast i periodar brukar ein del av kaiområdet, er parkeringsplassene blitt meir avgrensa. Annbjørn Sunde seier dei er i god dialog med nabobedrifta når det gjeld dette temaet, og at dei ved å fylla ut eit større område nord for butikken, har fått seg fleire parkeringsplassar. Her vil det nå bli asfaltert, pluss at det vil bli oppmerking av parkeringsplasser for all kundeparkering.



Auka konkurransen kan gi betre vareutval for kundene. Her frå frukt og grønnsaksdiskaen.

Vareutval

Utvalet av varer i butikken er større enn det butikkonseptet skulle tilseia. Dei prøver å skaffa dei varesлага som folk spør etter, og som det er omsetning på. Dette er nok noko av det dei må bli gode på dersom dei skal halda på kundane.

Kommunesamanslåing: Kva sa lokalpolitikarane før valet?

Reidar Alvestad

Leif Vatnaland skreiv i eit lesarbrev i Bygdbladet nr. 2 i år at han vart storleg overraska då han såg at kommunestyret ville ta opp forhandlingar med Tysvær om ein avtale om samanslåing. Han var overraska fordi ingen, så vidt han bekjent, hadde nemnt dette med eit ord før valet.

"Me har meir tru på gode samarbeidsløysingar kommunane i mellom."

Birger Lindanger, partileiar AP

Bokn Bygdablad nr. 6 - 2003

Men ved nærmere undersøking viser det seg at rett før siste kommuneval, var det gitt stor spalteplass til kva partia meinte om ulike lokalpolitiske spørsmål. I Bygdablad nr. 6 for august s. 6, seier partileiar og ordførarkandidat Kleng Våga fylgjande:

"Senterpartiet har eit godt program som ivaretar Bokn i sentraliseringssamfunnet.

SP vil ikkje at Bokn skal vera ein utkant i ein stor Haugalandkommune, men utvikla kommunen til noko meir.

Difor er det viktig å oppretthalda Bokn som eigen kommune.

Partiet er for at folk, så langt som råd er, skal få bygga der dei vil.

Dei ynskjer å ta vare på næringa og næringsutviklinga på Bokn.

Det er eit seriøst parti og det største på Bokn."

Dei andre tre partia har i dette intervjuet ikkje sagt noko direkte om kommunesamanslåing, slik som Kleng Våga frå Senterpartiet, og den som er nærmast dette tema er partileiar Birger Lindanger når han seier fylgjande:

"I Bokn har me i det heile eit livskraftig lokaldemokrati. Ved å sikra og å styrka dette i tett samarbeid med resten av Haugalandet, er det gode sjansar for vokster og trivsel i Bokn"

I same blad utfordrar redaktøren lesarane til å stilla spørsmål til lokalpolitikarane i siste månad før valet. Det er partileiarane og ordførarar Svein Ove Alvestad som skal svara i Bygdablad nr. 7, rett før valet på nåverande kommunestyre.

Bokn Bygdablad nr. 7 - 2003

I dette bladet er det stilt heile 5 sider med 18 spørsmål frå lesarar og svar frå partileiarar og ordførarar. Det spørsmålet som dreier seg om kommune-

"Difor er det viktig å oppretthalda Bokn som eigen kommune."

Kleng Våga, partileiar Sp

"Krf har ingen planar om dette."

Sigmund Alvestad, partileiar Krf

samanslåing er spørsmål 10, og lyder slik:

"Vil du inngå drøftingar med Tysvær kommune for å kartlegge fordeler og ulemper ved ei kommunesamanslåing?"

Birger Lindanger frå AP svarar slik:

"Me har meir tru på gode samarbeidsløysingar kommunane i mellom. Me vil virka for at Bokn kan vera ein brubyggjar og fremja eit best mogeleg samarbeid mellom kommunane på Haugalandet. Det overordna må alltid vera at innbyggjarane får eit best mogeleg servicetilbod."

Høgre svarar slik:

"Etter mi meining er Bokn avhengig av eit godt interkommunalt samarbeid på fleire felt. Det vil bli vanskeleg for Bokn å ha kompetanse på alle felt, samtidig som økonomien vil gjere at me må ha ei rasjonell drift og då er me avhengig av å få til eit samarbeid med andre kommunar. Det er også viktig for Bokn at eit slikt samarbeid ikkje berre medfører at me skal kjøpe/få den kompetansen frå andre, men også at nokre fagmiljø blir på Bokn og utfører tjenester for andre kommunar.

Lykkast me ikke med dette så vil eg tru at me må sjå på fordeler og ulemper med ein kommunesamanslåing med Tysvær."

Krf ved Sigmund Alvestad svarar slik:

"Krf har ingen planar om dette."

Og Senterpartiet ved Kleng Våga svarar slik:

"Me har ingen drøftingar om å gå inn for samanslåing, men me jobbar for eit tettare samarbeid. Det har vist seg i praksis er vanskeleg då Tysvær er lite interessert i dette i praksis."

Ut frå ovanståande utsegner frå partileiarane og ordførarar, kan lesarane sjølv finna ut om det er samsvar mellom det dei sa då, og det dei seier nå.

Etter mi meining er Bokn avhengig av eit godt interkommunalt samarbeid på fleire felt.... Lykkast me ikke med dette så vil eg tru at me må sjå på fordeler og ulemper med ein kommunesamanslåing med Tysvær.

Svein Ove Alvestad, ordførar (H)

Bokanmeldelse:
Amuletten fra Samarkand
Jonathan Stroud

Fantasy, eventyr fiction. Det finnes et vell av bøker og universer moy-sommelig bygget opp av forfattere fra hele verden. Noen verdener er mere gjennomtenkte enn andre, men alle har sin egen lille vri på fortellerkunsten.

Jonathan Stroud tar oss med til en verden der grensen mellom magi og menneske er brutt ned. Verden styres i stor grad av magikere og deres slavebundne ånder.

Det er en verden der hemmeligholdelse og makkamp florerer og fienden kan lure bak neste hushjørne. I denne verden vokser Nathaniel opp som ung magikerlærling i London. En ærgjerrig og talentfull, men utålmodig sjel maner fram Djinnen Bartimeus.

Her starter eventyret om Amuletten fra Samarkand, den første boken i en triologi inn i magiens verden. Med Bartimeus som guide blir vi mer kjent med ånder eller demoner som noen kaller det og deres verden. Forholdet mellom en ånd og sin "mester" er delikat. Magikeren har et overtak siden navnet til ånden er kjent og alle ånders våte drøm er å få vite navnet til sin mester. Det høres komplisert ut og magi har da heller aldri vært enkelt å forstå for oss uinvidde.

Boken var kjekk å lese, med en rappkjeftet Bartimeus som bindeledd mellom menneske og åndeverden. Bartimeus fra Uruk er like gammel som oldtidsbyen og har opplevd mye med sine mer eller mindre 5000 år som "slave" for ulike magikere gjennom historien. Til sin store glede får Bartimeus vite navnet til Nathaniel. Ikke bare magikernavnet, men fødenavnet, og det gir Djinnen et overtak på den unge mesteren.

Jeg rører ikke mer om boken nå, men anbefaler den som vanlig til små og store barn. Jeg anbefaler den ikke som godnatthistorie for de minste, til det er den litt for blodig, men har du rundt tolv år bør boken kunne fenge. Jeg leser bok to i skrivende stund og den kan også anbefales.

Kjetil Hamre



Marilyn Monroe

eg ser Marilyn Monroe komme mot meg
 hu sige elegant te kai
 hu e kvikke raske å utom seg
 som sommaren i mai

hu skjere seg vei gjønå sjøen
 i kjølvannet skrive hu goodbye
 hu bryr seg ikkje om fergekøen
 ein sommardag i mai

eg vente vil hu komma tebage
 går turen sør eller nord
 hu danse med blink og med stake
 ein sommardag om bord

eg ser Marilyn Monroe så nærme seg
 kjølvannet e rett som ei snor
 eg vinke synet varme å glede meg
 håbe det ikkje va sommardrømmar fra i fjar

Kjetil Hamre



© Tom Galbraith
www.myworlden.com

Gjenstående hjemmekamper før ferien

Atle Jøsang

To lag har delt seg siden i vår og vi har dermed åtte lag med i serien.

Lag Hjemmekamp

Mix 6/7 år	31.05 kl. 17.30
Mix 8 år	07.06, 21.06 kl. 18.00
Gutt 9 år	01.06, 08.06 kl. 18.00
Gutt 12 år	21.06 kl. 19.00
Gutt 14 år	22.05, 12.06, 19.06 kl. 18.00
Jenter 9 år	31.05, 14.06 kl. 17.30
Jenter 10 år	24.05 (18.00), 31.05 (17.30), 21.06 (18.00)
Jenter 13 år	15.05 kl. 18.30

Lagene Mix 6/7 år, Mix 8 år, Gutt 9 år, Jenter 9 år og Jenter 10 år er påmeldt på Kårstø Cup lørdag 5. juni.

Komplett kampliste med (etter hvert) alle resultater skal etter planen komme på bygda-bladet.no, slik som i tidligere sesonger.

- redaktøren -



"Saddam" lar seg ikkje fanga så lett

Kari Hetland

**Han gjer som namnebroen gjorde i si tid.
Stuten på Laupland gir ikkje utan vidare opp
fridomen sin.**

Friluftstilhøvet har han hatt i nesten tre år. "Saddam" har på ingen måte lidd noko nød. Kraftfor og vatn dagleg i badekar, silofor i haugevis i dei kalde månadene, og i tillegg godt utvikla pelsmannke gir resultat og har ikkje tært på kroppens reserver.

Heller tvert i mot. Det er ein vaksen kar som saman med ein yngre artsfrende patruljerer gjerdet og marka ved vegen på Laupland. Når nokon nærmar seg grev Saddam i bakken og vrenger med augene, mens han brøler med tunga ut av munnen. "Saddam" liker å markere at han er sjef og det viser han tydeleg både i tale- og kroppsspråk.

Lasso og fanghekk

Det har vore mange forsøk på å fanga "Saddam", men som namnebroen sin er han smart og lar seg ikkje lett settast bak lås og slå. Gong på gong har han unngått løkka frå lassoen. Er der meir enn to mann som kjem mot han med tau er han ekstra på vakt og då hender det han trekker lenger vekk.

Det siste forsøket har vore å lure han med ein fanghekk. Det smarte med den patenten er låsen som skal knekke over nakken medan dyret et. Men då strekker "Saddam" seg berre lenger inn og et opp både kraftfor og silo før han trekker hovudet ut, og nok ein gong unngår han å bli fanga og



innmeldt til slakthuset.

Nå er det kanskje på tide å finne på ein ekstra god ide så "Saddam" får reise til dei evige jaktmarker, som stutar egentleg skal gjere etter ei tid. Imens så skjer held "Saddam" stand saman med venen sin, og kanskje han klarer å behalde frihomen denne sommaren og.

Frå kommunestyremøtet 21. mars

Sak 02/06

Søknad om permisjon/fritak frå politiske verv.

Kommunestyret vedtok: Søknad om permisjon blei innvilga.

Sak 03/06

Val av nytt medlem i bygdabladnemnda

Kommunestyret vedtok: Som nytt medlem i bygdabladnemnda blei Johannes Nilsen valgt samrøystes etter at Sven Ivar Langhelle gikk ut pga. fråflytting frå kommunen.

Sak 04/06

Forliksråd 2004 - 2008.

Kommunestyret vedtok: Kommunestyret delegerer til rådmannen å oppnemne utval av faste møtefullmektigar til forliksrådet.

Sak 05/06

Disponering av auka psykiatritilskot

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret stadfester nytten av psykiatritilskotet slik det er vedtatt i psykiatriplanen, og aukar stillinga som psykiatrisk sjukepleiar med 40 % frå 15.mai 2006. Budsjettet for 2006 vert justert slik:

1012 340 2540 Løn sjukepleiar vert auka med	kr. 81.800,-
1090 340 2540 Pensjonsutg.	" " " kr. 11.200,-
1099 340 2540 Arbeidsg.avg.	" " " kr. 13.000,-
1702 340 2540 Ref. frå staten	" " " kr. 106.000,-

2. Bokn kommune opprettar brukarråd for psykisk helsearbeid. Brukarrådet skal oppnemnast av Rådmannen, og følgje premissane som nemnd i saksutgreiinga
Brukarrådet skal vere oppretta innan 01.05.06.

Sak 06/06

Løyving av startlån for vidare tildeling.

Kommunestyret vedtok: å søkje om midler frå Husbanken til vide-reformidling som Startlån.

Sak 07/06

Endring av vedtekten i Bokn Barnehage

Kommunestyret vedtok: Vedtekten i Bokn barnehage blei endra som forelått av rådmannen.

Sak 08/06

KUNNSKAPSLØFTET: Plan for kompetanseutvikling i 2006.

Kommunestyret vedtok:

Plan for kompetanseutvikling i forbindelse med Kunnskapsløftet i skulen blei vedtatt som foreslått av rådmannen.

Kommunestyre gav videre eit viktig signal om at ved tilsetjing som lærar i Bokn skule gis pluss for utdanning innen matematikk, naturfag og gymnastikk.

Skolepolitisk møte i kommunestyret tas inn som ein forutsetning m.v.

Sak 09/06

Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune.

Kommunestyret vedtok: Kontrollutvalet sitt forslag til retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune blei vedtatt.

Sak 10/06

Plan for gjennomføring av selskapskontroll i Bokn kommune

Kommunestyret vedtok: Kontrollutvalet sitt forslag til plan for gjennomføring av selskapskontroll i Bokn kommune blei vedtatt.

Sak 11/06

Plan for forvaltningsrevisjon.

Kommunestyret vedtok: Kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon i Bokn kommune blei vedtatt.

Sak 12/06

Status for rekneskapssamarbeid og fakturascanning.

Kommunestyret vedtok: Kommunestyret tok orienteringa om forhandlingane om rekneskapssamarbeid til etterretning.

Ein vedtar å kjøpa inn program for faktura scanning. Utgifta på kr. 140.000,- vert dekkja av disponibelt kapitalfond.

Sak 13/06 **Kommunestukturprosjektet.**

Referat frå vedtak tidligere omtalt i forrige bygdablad.



Kretsmeisterskap på Knarholmen

Kjetil Hamre

Den 17. juni vil eksosskya ligga tett på Knarholmen.

Pluggen motorklubb har tatt som mål å arrangera KM (Kretsmeisterskapet) 3. runde (av totalt 7) og førebuingane er allerede i gong. Dette er eit stort arrangement som krev mykje både av deltakar og arrangør. Pluggen har, trass i storleiken sin, god kompetanse i klubben, men vil få drahjelp av Karmøy Trialklubb og Haugalandet Trialklubb der kompetanse manglar.

Berre på dommarfronten vil det vera behov for minst 15 personar, så det seier seg sjølv at dette er eit stort løft for klubben. Det vert kiosksalg med både varmt og kaldt snadder under arrangementet. Totalt reknar Pluggen med at 30 personar må til for å få arrangementet i boks.

Er du interessert i å delta kan du møta opp på Knarholmen torsdag kl. 17.30 - 20.00. Du kan og ta eit dommarkurs på omlag 2 timer.

Eit trialløp går føre seg i terrenget med 7 ulike seksjonar som vert køyrde tre gonger. Utøvaren får straffeprikkar for kvar gong han må støtta seg med foten i bakken, men kan berre få maks 5 prikkar for kvar seksjon. Antal straffeprikkar og eventuell tid blir nytt til å skilja deltakarane og å kåra ein vinnar. I dei minste klassane er alle vinnarar og kjem dermed på 1. plass.

Trial er ein relativ dyr sport. Pluggen har fått støtte fra SR-Bank Aksdal og kommunal støtte, men seier ja til andre sponsrar. Som ein kuriositet kan eg legga til at berre i pokalar reknar Pluggen med ei utgift på 5.000 kroner for KM 3, så ein eventuell sponsor til kretsmeisterskapet eller Pluggen treng ikkje føla seg blyg.

Smidighet, balanse, teknikk og allsidighet er nøkkelord når me snakkar trial, og utøvarane vert ofte kalla motorsportens akrobatar. Eg håpar mange tar ein tur innom Knarholmen for å sjå ein idrett som ikkje er av dei mest kjende i landet.

Arrangementet startar kl. 10.00 og Pluggen reknar med at den siste deltakaren er ferdig med siste seksjon omlag klokka 16.00.

Det vert omlag 80 deltakarar, der 7 kjem frå Bokn, og nivået i Rogaland er høgt. Pluggen har fleire deltakarar som kan kjempa i toppen i sin klasse.

Bygdabladet ynskjer alle lukke til med konkurransen og arrangementet.



Eksosrypa Ellen G. Johannessen i full balanse.



Foto: Anne Mette D. Jøsang

Fv. Sander K. Jøsang, Sverre Trosvåg og Bjørn-Ove D. Jøsang på den interkommunale trialbanen på Karmøy i april.

Info fra Bokn idrettslag

Halio alle sammen, våren er i anmarsj og aktiviteten i BIL øker, mange aktiviteter får i disse tider økt fokus og barn og ungdommer er i full gang med å forberede seg til vårens konkurranser og kamper. Vi står fremfor store utfordringer ved avviklig av alle hjemmekampene. Men vi skal nok klare dette også. På enkelte dager kan det være 3 til 4 kamper.

Alle aktive barn og ungdomsmedlemmer vil/har fått tilbud om å få kjøpt overtrekksdrakter til sterkt sponset pris. BIL har inngått en samarbeidsavtale med MX sport på Raglamyr, og ved fremvisning av betalt medlemskort får alle medlemmer 15 % på trenings-utstyr.

Bildene som Jardar tok under fotballavslutningen for sesongen 2005 kan fås kjøpt ved henvendelse til kulturtoret.

Siste dans?

Som også nå er annonserat blir det arrangert dans den 27. mai. Her vil det bli 18 års aldersgrense. Årsaken til dette er en del hendelser som er blitt forårsaket på de siste dansene. Dette vil bli den **siste muligheten** å bevise ovenfor BIL som arrangør at deltakere klarer å la inventar og offentlige bygninger stå urørt. Og ikke måtte påføre disse bygningene materielle skader. Dette må vi erstatte.

Og ikke minst bevise at vi fortsatt klarer å arrangere dans på Bokn.

Gunnar og Graham vil spille på først-kommende dans. Denne gruppen har et bredt repertoar og skal treffen alle aldersgrupper med musikken sin. Vi håper at flest mulig stiller opp og lager dette til en minnerik kveld for **hele lokalsamfunnet**.

Bokn Idrettslag trenger disse inntektene for å kunne opprettholde dagens aktiviteter.

Minner om at alle aktive medlemmer sørger for at treningskontingenter og medlemskontigenter er innbetalt.

Med vennlig hilsen

**Bokn idrettslag
Per Helge Sunde**

Krevande balansetrening

Jardar Havikbotn

Trialkøyrar Martin Trosnavåg trener opp balansen sin på ein nokså uvanleg måte.

Du har kanskje sett han, på eitt hjul, på skulevegen med ransel på ryggen, eller til/frå trialtrening i Knarholmen. 13-åringen frå Alvestadkroken får folk til å gapa og smila når han kjem forbi på "sykkelen". Eit hjul, ei stong, eit sete, det er alt.

Julepresangen frå i fjor blei tatt i bruk med ein gong, og allerede 3. januar i år sykla Martin med doningen til skulen. Ein eineståande presentasjon, særleg med tanke på at det i Bokn er mykje bakkar. Det finst nemlig ikkje bremser på framkomstmiddlet, der trør du enten fram eller tilbake, og blir også heile tida "slengt" fram eller tilbake....

- Det gjelde om å finna balansepunktet, kjem det enkelt frå Martin.

Han flaksa med armane i byrjinga, men blei heilt stødig etter ca. ein månads trening. Målet no er å stå heilt i ro.

Den tidlegare kretsmeisteren, som no har kome i C-klassen i trial, snakkar om å sakka farten med å trø litt bakover og å bruka overkroppen mykje, særleg i oppover-bakkane. At Martin heller ikkje treng å gå av hjulet når han rullar av gårde på vegen, understreker at han har kome langt med balansekonstane sine.

Ingen tvil om at desse kjem til nytte på trialsykkelen.



Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 4 1986

Nytt frå Austre Bokn

BYGG OG ANLEGG

I dette nummeret av bygdabladet har me tenkt å sjå å kva som går føre seg på austre sida av Boknasundet.

Til dagleg på denne tida av året går det meste av tida med i ku- og sauefjøset, der kalving og lamming er i full gang.

Elles er det stor aktivitet i Våga når det gjeld byggjing av bustadhús og driftsbygningar. I månadsskiftet mars-april vart det endeleg så mildt i veret at arbeidet braka laust på tre nabogardar samtidig. Bernhard Våge er i ferd med å utvida grisehuset sitt. Forskalinga vart utført av Osmund Øvrebø og Bernt Øvrebø, medan støypinga gjekk på dugnad, som er mykje brukt på Austre Bokn i slike tilfelle.

Johan Medhaug har starta arbeidet på ny driftsbygning (løa). Der er Bokn Bygg i arbeid. Også der er støypinga på dugnad.

Alfred Strand skal byggja nytt bustadhús.

Der har Håkon Bokneberg vore og grove ut tomt og laga vei og grøfter til klokakk, septiktank m.m.

I tillegg er Sigmund Våge godt i gang med grunnarbeidet til nytt bustadhús i Strandavik.

Vårdikt

Nå er det vår, forventing i lufta,
Lukk augo opp, legg øyra til.
Kjenn kor det duftar, høyr, kor det syng,
Det finst ikkje tvil,
livet har vakna.
Gle deg og smil
- nå er det vår -

Ein gamal kjenning har kikka fram,
"Kusommen", du kjenner han.
Er han ikkje vakker, så gul og grøn.
Beder liksom ei stille bøn,
lat meg få lyse,
sende ei helsing til alle som fryse
- nå er det vår -

Sola ho skine, himlen gir væte,
snart springe bjørka, graset det gror.
Takk og farvel du vinter i nord
- nå er det vår -

Elise Kro

Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

17. **Gudsteneste 10.30 - riv ut eige program**
18. **Klessalg i Allrommet kl. 11.00 - 13.00 - Senior shop. Ope for alle.**
20.-
21. Ulve-og meisekrinsleir på Blikshavn, Karmøy
21. Gudsteneste 11.00
21. Ekornspeidaren til Ognahabn. Oppmøte kl.
15.00 i moloen i Føresvik
23. **Temakveld på Allrommet, Boknatun kl. 19.00 - arr. Bokn næringsforum. Sjå s. 17**
27. Klubbkveld for ungdom
27. **Dans på skulen. Aldersgrense 18 år - arr. Bokn idrettslag. Sjå s. 8**
28. Møte bedehuset 19.30 NLM
31. Soknerådsmøte 19.00
- JUNI**
01. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
04. Gudsteneste 19.00
07. Folkemøte om kommunesamanslåing
09. Kino i Auditoriet
11. Gudsteneste 11.00 i Loten
14. Basar på Bokn skule kl. 19.30, arr. Bokn sanitetsforening
17. Trialløp på Bokn, KM 3
18. Møte Bedehuset 19.30 Gideon
25. Gudsteneste 11.00
- JULI**
29.-
05.08 Speidarlandsleir på Røros

P.g.a. Kommunen sitt folkemøte 7. juni om kommunesamanslåing vert basaren til Sanitetten flytta til onsdag 14. juni kl. 19.30.

Bokn sanitetsforening

Bygdabladet presenterer små og store jubilantar

Send inn papir- eller digitalbilde og ein liten tekst, enten i konvolutt, som e-post:
jardar@bygdabladet.no eller
som **MMS: 98 22 15 08**



*Me vil gratulera
Oddrun med 40 års
dagen den 14. mai!*

Hilsen fra klubben

Nytt medlem i bygdabladnemnda

Johannes Nilssen blei 21. mars valt inn i nemnda for dette bladet (sjå s.7), sjølv om ikkje nest siste side har registrert dette enno - noko som har med trykkerirutiner av omslaget å gjera. I neste blad skal dette vera retta.

Eg vil få takka **Svein Ivar Langhelle** for innsatsen i nemnda og ynskja det nye medlemmet velkommen!

- redaktøren -



Føresvik nærmiljøanlegg pr. 8. mai 2006

Jardar Havikbotn

Pr. 8. mai: På kanskje årets varmaste vårdag kunne elevar ta i bruk nye apparat på leikeplassen aust for skulen.

Klatrestativ/hus samt den 3,20 m høge klatreveggen var mest populære denne dagen.

Folk bør ta seg ein kikk på 17. mai, på dette som berre er byrjinga for Føresvik nærmiljøanlegg. Barn og vaksne har mykje å glede seg til framover.

På bildet til venstre ser me fv. Niklas Grønnestad, Thomas H. Fostenes, Marianne Sunde og Kristian Nilssen som held seg fast til ære for fotografen.

I toget/ved sjukestova

NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag,
en sommerkveld ved fjord og fosseveil,
fra eng og mo med furutrær,
fra havets bryn med fiskevær
og til de hvite skjær,
møter du landet i trefarvet drakt,
svøpt i et gjenskinn av flaggets
farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heienn
rammer stripen på blåklokker inn
mot den rødmalte stuuen i veien;
Det er flagget som valer i vind.
Ja så hvit som det hvite er sneen,
og det røde har kveldsolen fått,
og det blå gav sin farve til breen,
det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnsstund på benken i
Studenterlund der sitter han og hun,
to unge nyutsprungne russ, to ganske
nylig tente bluss.
Hun er som en gryende forsommerdag
som farves av gjenskinnet fra det norske
flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,
og så rødt som det rø ` hennes kinn,
hennes øyne er blå som fiolen,
hun er flagget som vaier i vind.
Han har freidig og hvitlugget panne,
og en lue i rødt har han fått.
Med en lyseblå tiltro til landet
Står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

Allsong om kvelden

FEDRELANDSSALMEN

1. Gud signe vårt dyre fedreland,
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand,
Og vinteren for vårsol røma!
Lat folket som brører saman bu,
som kristne det kan seg søma.
2. Vil Gud ikkje vera bygningsmann,
me fåfengt på huset byggja.
Vil gud ikkje verja by og land,
kan vaktmann oss ikkje trygga.
Så vakta oss, Gud, så me kan bu
i heimen med fred og hyggja!
3. No er det i Norge etter dag
med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn gror på ymist lag,
det brydder då etter plogen.
Så signe då Gud det gode såd,
til groren ein gong er mogen!
5. Norske mann i hus og hytte,
takk din store Gud!
Landet ville han beskytte,
skjønt det mørkt såg ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
mødrene har grett,
har den Herre stille lempet,
så vi vant vår rett.
Har den Herre stille lempet,
så vi vant, vi vant vår rett.



2002

17. mai 2006

Etter oppstilling/ved sjukestova

NASJONALSONGEN

- Gud signe vår konge god
Sign han med kraft og mot
Sign hjem og slott!
Lys for ham ved din ånd
knytt med din sterke hånd
hellige troskapsbånd
om folk og drott!

Allsong på skulen

KONGESONGEN

- Gud signe vår konge god
Sign han med kraft og mot
Sign hjem og slott!
Lys for ham ved din ånd
knytt med din sterke hånd
hellige troskapsbånd
om folk og drott!

MELLOM BAKKAR OG BERG
Mellom bakkar og berg utmed havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender;
der var ingen som der hadde bygt.
"Lat oss ryddja og byggja oss grender,
og så eige me ruuninga trygt."

Han såg ut på det bårute havet:
der var ruskut å leggja ut på;
men der leikade fisk ned i kavet,
og den leiken, den ville han sjå.
Fram på vinteren stundom han tenkte;
Gjev eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane bleakte,
fekk han hug til sin heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar,
når det laver av blomer på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.

PROGRAM 17. MAI 2006

- 06.30 Salutt fra Boknafiellet
- 08.00 Kapproing i Alvestadkroken
- 09.30 Oppstilling til folketog fra Alvestadkroken
- 09.45 Folketog til Bokn kyrkje
- 10.30 Gudstjeneste i Bokn kyrkje
- 11.15 Folketoget går fra kyrkja, **veg om barnehagen til framsida av Boknatun**
- 11.40 Musikkorpset spelar ved Boknatun
- 12.00 På skulen: **Velkommen ved ordførar'**
Svein Ove Alvestad
Allsong - Mellom bakkar og berg
Appell v/ungdomskulelevar
- 12.00 Kiosksalet startar
- 12.30 Matserveringa startar
- 13.30 Leikar for barn og vaksne
- 14.00 Oppvisning, Pluggen motorklubb
- 14.45 Barnekoret syng
- 15.00 Trekningar – premieutdeling
Avslutning – Allsong: Ja vi elsker.



PROGRAM FOR FOLKEFESTEN 17. MAI 2006

- 19.30 Folkefest på Bokn skule
- Velkommen v/Per Helge Sunde, leiar av
17. mai-komit  en

Allsong – Ja vi elsker

Festtale ved Torfinn Opheim

Danseoppvisning, Hegren sportsdanskulubb

- Matøkt m.m
- Diktlesing ved Kjetil Hamre
- Avslutning med allsong – Fedrelandssalmen
- Inngangspenger:
Barn: kr. 100,-
kr. 50,-

VEL M  TT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai komiteen 2006

- Bokn musikkorps
- BORK
- Bokn b  tf  r  ring
- Bokn skyttarlag
- Speldaren
- Bokn idrettslag
- Bokn hagelag
- Bokn R  de Kors
- Havnavegen velforening
- Arskroen kro og gardsmat
- - korpsmusikken, tombola, pil- og ballkast
barneridig
kapproing i Alvestadkroken
luftgev  rskyting
karusell, l  ypestreng
trial - kiosksal
pynting
leiker for born/spirkingskonkurranse
lykkehjul
middagsservering

"Ognøy Sjefen" har kjørt inn 225.000 kroner

Reidar Alvestad

Travhesten Ognøy Sjefen viser stadig att i viktige løp. Dette året har han vunne både V75-løpet på Kloster-skogen den 7. januar, og Bjørgvin-løpet i Bergen den 20. april.

Alt må klappa for å vinna

Siste løp han var med på, var V75-løpet på Forus lørdag den 29.april. Her var han også ein av favorittane, men på grunn av hovne kjertlar i halsen, fekk han ikkje tilstrekkeleg



Høgt i mønet i stallen på Ognøy heng laurbærkransen frå Bjørgvin-løpet den 20.april i år.

med luft, og gjekk over i galopp. Dermed braut han løpet. Det er Øyvind Hegdal som til vanleg kjører hesten. Erik Eikje seier til Bygdabladet at alt må klappa dersom det skal bli premie. Neste løp nå er den 13. mai på Bjerke travbane ved Oslo. Det er eit V75-løp kor Øyvind Hegdal skal kjøra Ognøy Sjefen.

Fleire løp

Ognøy Sjefen er normalt ein av favorittane i dei løpa han er med på. Det er eit spesielt system på kva løp hestar kan delta i, kor ein tar omsyn kor mykje dei har tent inn, og kor mange poeng dei er tildelte. Dei skal omtrent ligga i same klasse som dei andre hestane i dei løpa dei konkurrerer i.



Erik Eikje med den flotte Ognøy Sjefen og sølvpokal frå Bjørgvin-løpet.

Ingenting å oppnå utan trening

Hesten sine foreldre var begge gode hestar, og Erik seier at han etter kvart såg at også Ognøy Sjefen ville kunna utvikla seg til ein god løpshest. Ved sida av god arv med omsyn til å bli ein god løpshest, er også opplæring og trening viktig.

Treninga foregår omtrent halvannan time dagleg, og det viktigaste er å trena spenst og styrke. Det kan gjerast på ulike måtar, og det blir riding i terrenget på Ognøy ved å springa i bakkar, på haugar og fjell t.d. på Austre og Vestre Bokn.

Det går ein god del timer til å halda hesten i god form, slik at han kan stilla opp på viktige løp som også kan gi premiar. Erik seier at når det er såpass mykje å ta inn på hesten, kan han bruka tid på han. Det blir ein del av den totale næringa han driv.



"Annsteins Plass"

Jardar Havikbotn

Under dugnaden på leikeplassen aust for skulen første helga i mai gav foreldre humoristisk plassen namnet "Annsteins plass".

Annstein Vik, som til dagleg arbeider hos entreprenør Miljetig O J AS i Haugesund, har lagt ned uttalige timer på dei tre dugnadshelgene som til no har vore arrangerte på området, og det trass i at han også har bygd seg hus på Øyrenfeltet på Austre Bokn.

Ein kan trygt seia at Annstein, som har ungar i 3. og 5. klasse, har eit såkalla "eigarforhold" til denne delen av Føresvik nærmiljøanlegg.

Slike prosjekt som dette er avhengig av å ha med ekstra positive personar med pågangsmot og dugleik til å arbeidet blir gjort på ein tilfredsstillande måte.

Takksemda er stor frå mange boknarar!

KOMMUNESAMANSLÅING

Det har sidan fastlandssambandet blei klart i 1991 vore tatt opp frå fleire hald og fleire gonger at Bokn og Tysvær burde slå seg saman.

Kommunestrukturen har ikkje vore diskutert sidan samanslåinga i 1965 og mykje har endra seg sidan då og kommunane og kommunaldepartementet blei einige om å kjøra ein prosess for å vurdera kommunestrukturen nå.

Samtidig opplever me at kommuneøkonomien varierer mykje, utgiftene aukar sterkt medan inntektene er ustabile som gjer at kommunen fleire gonger dei siste 10 åra har mått gjennomføra innsparinger og omorganisering for å få budsjettet i hamn, utan handlingsrom for nye tiltak.

I det daglege merkar eg og at kompetansen og ressursane i kommunen blir for små til at kommunen kan utføra alle oppgåvene, de som innbyggjarar krev og som kommunen blir pålagt av staten, på ein god nok måte.

Der er og ein sterk sentralisering som gjer at Bokn har ei utflating og nedgang i folketallet, samtidig som boknarane blir eldre og eldre. Bokn har og ein stor mangel på arbeidsplassar som gjer at kommunen har Rogalands høgaste arbeidsledighet.

For meg er dette grunnar som førte til at eg syntest det var rett å få satt i gang ein prosess for å få vurdert ein kommunesamanslåing med Tysvær. Prosessen er nå ferdig og konsekvensutredninga belyser fordelar og ulemper med ei eventuell kommunesamanslåing.

Avtalen med Tysvær seier at der blir ingen merkbar endring av det kommunale tenestetilbodet, samtidig som der skal byggast eit kultur og idrettsanlegg og satsast 4,4 mill kroner på utvikling av Bokn som lokalsamfunn innan 2011. Avtalen med kommunaldepartementet gir rom for utbygging av fiber-breiband til Bokn og ca. 10 mill kroner til utbetring av veg og vatn på Bokn. Dette er knytt opp mot at der blir eit positivt vedtak til kommunesamanslåing med Tysvær.

Bokn som samfunn har gode muligheter til å bli eit levande lokalsamfunn i framtida.

Me er sentral kommunikasjonsmessig, fleire bedrifter som satsar og innbyggjarar som vil noko.

Etter ei samla vurdering er eg likevel kome fram til og trur det er best for framtida til lokalsamfunnet på Bokn at Bokn og Tysvær kommunar blir slått saman til ein kommune.

Me vil då tilhøyrer ein kommune som er robust og vil bidra til å takla framtidas utfordringar for lokalsamfunnet på Bokn på ein stabil og god måte.

Bokn er prega av svak befolkningsutvikling og framskriving av folketallet tilseier at me blir ca. 100 færre om 15 år, kommuneøkonomien er sårbar og vil bli dårlegare og næringslivet er lite og svært sårbart med for få arbeidsplassar til oss.

Eg trur at ved å slå oss saman med Tysvær så vil me bli ein del av ein robust kommune med ein svært god og stabil økonomi som, saman med ei positiv utvikling av folketallet, vil vera

den beste garanti for eit godt og tilgjengelig tenestetilbod i framtida. Den nye kommunen vil få større ressursar og kompetanse til å få til etablering av arbeidsplassar. Bokn blir då ein del av ein ressurssterk kommune som kan delta i partnarskap/spleiselag i tiltak for ein god utvikling på Bokn.

Me kan vera så uenige og galne på utviklinga av dagens samfunn som me berre vil, men utviklinga med sentralisering, effektivisering, spesialisering og eit rettighetsstyrta samfunn vil berre fortsetta utan at me kan gjera noko med det. Storsamfunnet og utviklinga vil ikkje gi rom for at Bokn kan fortsetta som eigen kommune. Ein samanslåing vil tvinga seg fram om 5 – 10 år uansett kva me vil.

Eg meinat då det vil var galt av oss på Bokn og ikkje slå oss saman med Tysvær nå. Det er nå me vil få muligkeit til å bygge kultur og idrettsbygg, som ville vere ein kraftig inspirasjon og nødvendighet for vidare utvikling, utbetring av vegar og utbygging av breiband på Bokn. Denne muligheten for tiltak vil ikkje komme om 5 – 10 år ved ei tvungen samanslåing.

Me kan ikkje la denne muligheten gå frå oss og det er derfor eg vil anbefala dykk å seia ja til ein frivillig kommunesamanslåing nå.

Til slutt, la oss føra ein sakleg og god diskusjon om kva som er best for Bokn i framtida og ikkje ta personen framfor saka.

**Svein Ove Alvestad
Boknar**

Kampen om Vikingskipet for 13. gong blei lykke-tal for Boknapatruljane som stakk av med alle premiane.

104 speidarar, 18 patruljar - herav 5 frå Bokn og ca. 30 leiarar gjorde Loten folksam den 22. april. Leiv, Erik og Svein Ove er veldig positive. Dei opnar sjøhusa sine, hytter og garasjar for at kampen skal få gå av stabelen. Sjøl om dyra neste dag gjekk på "Krumkakeplassen", håpar me at me får komma igjen.

Kjempestas er det for speidarungane å delta, kvart einaste år. Når dei blir for "store", stiller dei til postmannskap.

Idéen blei i si tid stolt av Tor Harald, då Skjold arrangerte "Viking-økså".

I ettertid har Skjold og patruljar frå heile Haugalandet og Sunnhordland deltatt på Bokn sin kamp.

Me får markedsført Bokn ganske godt.

Véret var kanskje ikkje på sitt beste denne kvelden, med kald vind.

Det la likevel ingen dempar på innsatsen til deltakarane.

Nebbsild kom på 1. plass og vant dermed vandreprisen. Hjort kom på 2.plass, Havørn på 3. Plass, Varg på 4. Plass og Rompetroll fekk også ei god plassering. Samtlege frå Bokn.

Gratulerer til dei alle for flott innsats, godt jobba.



Nebbsild frå Bokn, som gjekk heilt til topps, består av fv. Karina Kjetland, Janne Elin Vatnaland, Regine Nilsen og Maria Nilssen.

**Tekst: May Jorunn Vatnaland
Foto: Leiv Våga**

Kryssord, Sudoku og Wordoku med lokal snert - fasitar



			G		U		M	U
F	E	M	K	R	O	N	I	N
I		V			E	S	A	
S	T	E	I	N	B	I	T	E
E	S	T	E	R		A	N	D
B	E		R	Y		K		A
B	U	L	J	O	N	G	E	N
K	A		E	R	T		A	
			A	K	S	Ø	A	N
S	V	I	N	D	L	A	H	
Å	L	E		A	S	F	A	L
T	R	E	A	B	I	E	E	
B			A	A	A	E	D	L
A	L	T	N	M		D	E	K
E	N	O	A	B	I	T	M	N
I	R	A	N	D	O	L	K	A
A	K	A	Y	O	K	Ø	V	R
						E	E	I
			K	O	M	M	U	N
			E	B	L	O	M	
						L		

Fleire leesarar hadde tydelegvis kost seg i påsken og sendt inn rette løysingar på kryssord og wordoku.

Som du kan sjå av fasiten skulle setningen i tilknytting til bildet vera **VÅRBLEIK KOMMUNEBLOM I MARS**. Det var Kjetil Hamre som hadde fanga inn motivet.

Ordet på ni bokstavar i wordoku'et var **TROSNAVÅG**

Vinnarar:

Kryssord: **Norunn Jordbrekk, Bokn**

Wordoku: **Martha Lohndal, Stord**

Konfekt kjem i posten - gratulerer!

Under kan du sjekka fasitane på sudokuspela samt wordoku'et.

Ei slik side som dette kjem att til jul, kanskje før, me får sjå.



Sudoku - lett

7	8	4	9	2	3	1	6	5
1	9	2	5	7	6	8	3	4
6	5	3	4	8	1	9	2	7
2	1	5	7	3	9	6	4	8
4	6	8	1	5	2	3	7	9
3	7	9	6	4	8	5	1	2
5	2	1	8	6	7	4	9	3
9	4	7	3	1	5	2	8	6
8	3	6	2	9	4	7	5	1

Sudoku - middels

2	9	6	3	7	4	1	5	8
7	5	3	8	1	9	2	4	6
8	4	1	6	5	2	9	3	7
4	7	2	5	3	6	8	1	9
3	8	5	1	9	7	6	2	4
6	1	9	4	2	8	3	7	5
1	6	8	7	4	3	5	9	2
9	3	4	2	8	5	7	6	1
5	2	7	9	6	1	4	8	3

Wordoku med lokalt ord

N	S	R	A	O	G	Å	T	V
G	Å	V	N	R	T	A	O	S
O	A	T	Å	V	S	R	G	N
S	V	N	G	Å	R	O	A	T
T	R	O	S	N	A	V	Å	G
A	G	Å	V	T	O	N	S	R
V	N	G	O	S	Å	T	R	A
R	O	A	T	G	N	S	V	Å
Å	T	S	R	A	V	G	N	O



Sommarjobb for skuleelevar

Reidar Alvestad

Det er også i år løyvd midlar for at grupper av skuleungdom skal kunna søkja om sommarjobb.

I månadsskiftet mai/juni vil den enkelte få nærare informasjon.

I fjor var det så mange som

søkte, at me kunne berre tilby 1 veke til kvar for at alle skulle få tilbod.

Me kan derfor ikkje i utgangspunktet lova meir enn 1 veke.

Dersom du har mulighet for det, kan det derfor svara seg å prøva å ordna sommarjobb pri-

vat på eiga hand, om du har behov for meir inntekt.





Frivillige mannskaper til brannvesenet

Det er ledig 2 stillinger som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.

Søker må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir til-satt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen.

Det er ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at søker består en helse-sjekk for brannmannskaper.

Fast godgjørsle utgjør for tida kr. 9.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltagelse på øvelser og utrykninger.

Spørsmål kan rettes til brannsjefen på telefon 52 75 25 05.

Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 23. mai 2006.

Ferievikarer – teknisk seksjon sommeren 2006


Bokn kommune v/teknisk seksjon søker etter ferievikarer over 18 år for arbeid som maling, klipping av grøntareal, samt diverse annet forefallende arbeid. I fra uke 26-33.

Arbeid på kirkegården vil bestå av klipping og stell på kirkegården. Her er det muligheter for fleksibel arbeidstid, (klipping skal foregå mellom kl 07.30-20.00 og ikke på søndager)



Søknad sendes inn til Bokn kommune v/teknisk seksjon innen 1. juni 2006. Sett opp hvilke uker som er aktuelle å jobbe.

Spørsmål kan rettes til Unni W W Høvik på tlf. 52 75 25 06 eller mob.tlf. 98 22 15 14



Caprinos eventyrlige verden

Har du lånt denne filmen på biblioteket og gløymt å legga han tilbake i coveret?

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

Trimsykkel

Har du en trimsykkel som du vil selge/gi bort?

Kontakt Svein Olausen
52 74 84 69

Ønskes kjøpt

Billig moped ønskes kjøpt.
Erik, tlf. 47 63 63 47



Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- **Dagligvarer**
- **Medisinutsalg**
- **Postfilial**
- **Bensin–Diesel**
- **Driftsmidler**
- **Bank i butikk**

coop
marked

TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt innmark
Kr. 170,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy**

51 72 31 33

900 16 817



HÅRSMIA

Austre Bokn - mot Våga



HÅRSMIA har åpent på ukedager.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03
Mona

Islandshest gratis på før?

Unik mulighet for 1 - 2 personer (over 16 år) med hesteerfaring.

Kun skriftlige henvendelser til

**Kari Christensen, Krovågen hestesenter, 5561
Bokn, eventuelt pr. epost til kachris@online.no**

Spennende temakveld i næringsforum

Leder i Bokn Næringsforum, Rune Vatnaland forteller at forumet inviterer alle interesserte til en spennende temakveld på **Allrommet, Boknatun tirsdag 23. mai kl. 19.00.**

Først tar vi opp temaet:

Utleiemuligheter på Bokn, et tema som er særlig interessant for de som har hus og hytter til leie, men også for alle som planlegger - eller kan tenke seg å sette i gang slik næringsvirksomhet. Det kommer både en representant fra et utleiefirma og en representant fra Haugaland Vekst.

Dessuten skal rådmannen orientere om:

Hvordan få oppdrag for kommunen? Han informerer om retningslinjer og kommunens praksis. Det blir enkel servering til kostpris!

Hjertelig takk for all oppmerksamhet i anledning min 70 års dag.

Ingrid Håland

Øyredobb funne

Rosa og sølv-øyredobb funne på biblioteket rett før påske.

Eigaren kan få han igjen på kulturkontoret.



Orgel, "Wingen Harmony" til salgs

Max kr. 4.000,-

Inger Alvestad, tlf. 52 74 85 29

Fysikalsk helsemassasje

Prisar fram til sommaren:

Heilmassasje (90 min.)	kr. 200,-
Delmassasje (60 min)	kr. 150,-
Barn	kr. 100,-
Fotbad	kr. 50,-
Blomstermedisin	kr. 100,-

*Ingunn Are "student"
Alvestadkroken
Tlf. 52 74 84 41*

Etterkomrarar av Torgils Olsson (Alvestad)

Møt slekt frå USA

Fredag den 19. mai kan du treffa slekt frå USA. Det er Bonnie og Daryl Wunram som gjerne vil møta etterkomrarar etter Torgils Olsson (Alvestad) 1816 - 1895 og ektefelle Laurentse Bendiksine Asbjørnsdotter.

Torgils var fødd i Søra Våga, men flytta til Strandavika, og i 1860-åra flytta han med huslyden sin til Alvestad der han kjøpte gard og dreiv handel rundt 15 års tid. Han var også ein av dei første ordførarane i Bokn.

Torgils er altså Bonnie sin tippoldefar. Yngste dotter til Torgils heitte Sesilie Elisabet, f. 1867. Ho vart gift med Daniel Jacobson frå Egersund-distriktet, dei fekk barn og flytte til USA. Desse er Bonnie sine oldeforeldre.

Bonnie og Daryl kjem til Bokn den 18. mai, og vil sjå stadene der forfedrene budde. Dei vil få omvising, og før dei reiser vidare mot Stavanger den 19. mai frå Arsvågen, tenkte me det var ein god ide å samlast der eit par timer før dei går på ferja.

For å gi eksempel på andre av Torgils og Laurentse sine barn, kan nemnast Asbjørn Torgilsson Alvestad, Ola Torgilsson, Gunnhild Tomine Torgilsson, Anna Marta Torgilsson og Gunnhild Cecilie Torgilsson. Desse slektene er omtala på side 468 og utover i bind 1 av bygdabøkene for Bokn.

Svært mange som opprinneleg kjem frå desse slektene på Alvestad har nå høve til å treffa familie frå USA. Amerikanarane likar å treffa slektingar, sjølv om det er litt langt ute.

Møt i tilfelle opp på kafeen på Arsvågen den 19. mai kl. 11.00, og gi gjerne vidare beskjed til andre som du trur ynskjer å treffa dei.

Flexilån gjør det enklere for deg

Har du planer om å kjøpe ny bil, en hytte på fjellet eller bygge ut huset?

SpareBank 1 SR-Bank tilbyr et nytt låneprodukt for deg som ønsker en mer fleksibel økonomisk hverdag. Flexilån får du med sikkerhet innenfor 60% av boligens verdi - lånerammen disponerer du etter behov. I tillegg kan du bestemme når du vil betale renter og avdrag. Renten vil til enhver tid være den rente som banken tilbyr på lån innenfor 60%. Terminomkostninger kr. 50,- pr. måned.

Ta kontakt på telefon 02002, stikk innom ditt lokalkontor eller gå inn på www.sr-bank.no for mer informasjon.



SpareBank 1 SR-Bank

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.
Enkelte laurdagar etter avtale.
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28
Direkte nr.: 52 75 25 33
Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefondid kl. 8.00 - 15.30
Trygdeetaten i Rogaland har fått
nytt Kundesenter og nytt telefonnr.

815 81 000

E-post: rogaland@trygdeetaten.no
Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Me held til i fellesstova til omsorgsbustadene.
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 52 74 83 09
Julianne Nilssen - aktivitør

Stort forside-
bilde:

Hardtrening
til KM i trial i
Knarholmen
17. juni.

Foto:
Kjetil Hamre



BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.
Enkelte laurdagar etter avtale.
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28
Direkte nr.: 52 75 25 33
Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefondid kl. 8.00 - 15.30
Trygdeetaten i Rogaland har fått
nytt Kundesenter og nytt telefonnr.

815 81 000

E-post: rogaland@trygdeetaten.no
Ingunn Sunde - trygdesjef


LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Me held til i fellesstova til omsorgsbustadene.
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 52 74 83 09
Julianne Nilssen - aktivitør



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADEMND

Eva Moi
May Jorunn Vatnaland
Johannes Nilssen

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no
Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no
Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartside	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

1. klasse hausten 2006

Jardar Havikbotn



1. kl. 2006/2007 - innskriving 28.04.06

Desse blei innskrivne 28. april og skal
byrja i 1. klasse 21. august:

Fv. Emilie Alvestad Espeland, Karen Drilen
Jøsang, Sander Alvestad, Annelin Dagsland
Jøsang, Celine Våga, Johan Rossebø, Roar
Sæbø Tjøsvoll, Kristian Lie Alvestad, Jan
Robin Jøsang og Jørgen Nilssen.

